

Forskrift om gravplassvedtekter i Lærdal kommune, Vestland fylke

Vedteke av Lærdal sokneråd xx.xx.xxxx med heimel i:

lov av 7. juni 1996 nr. 32 om gravplassar, kremasjon og gravferd (gravplasslova) § 21 (1), § 8 (1) og § 14 (1)
og forskrift til lov om gravplassar, kremasjon og gravferd av 10. januar 1997 nr. 16 (gravplassforskrif) § 15a (4)



Godkjent av Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark xx.xx.xxxx jf. gravplasslova § 14 (1) og § 21 (1).
gjeldande frå xx.xx.xxxx

§ 1. FORVALTNING

Gravplassmyndigheit i Lærdal kommune er Lærdal sokneråd.

§ 2. DEFINISJONAR

Fri grav: Grav som vert tildelt avdød person frå kommunen, og som det ikkje blir betalt festeavgift for i fredingstida.

Ansvarleg for grav: Den som er ansvarleg for ei fri grav.

Festa grav: Grav som det er inngått eller fornya festeavtale for, jf. gravplasslova § 14.

Festa gravstad: Fleire graver som er festa saman.

Festar: Den som står som part i ein festeavtale (festar av festa graver).

Festetid: Tida det er avtalt å feste ei grav for.


Kistegrav: Grav som stettar forskrifta sine krav til storleik for gravlegging av kister. I ei kistegrav kan det også gravleggjast inntil fire urner, jf. gravplassforskrifta § 14.

Urnegrav i minnelund: Grav til oskeurne i minnelund med plass til éi urne.

Fredingstid: Tidsrom frå siste gravlegging, og til grava tidlegast kan takast i bruk til ny gravlegging

Anonym minnelund: Gravfelt for anonyme graver. Feltet har eit felles minnesmerke utan opplysningar om kven som er gravlagt.

Namna minnelund: Gravfelt med felles minnesmerke med namn og data på dei som er gravlagde der.



§ 3. FERDSEL PÅ GRAVPLASSANE

Besøkande skal om mogeleg ferdast gåande, jf. gravplassforskrifta § 9. Køyring kan eventuelt skje ved dokumentert sjukdom / forflyttingshemming. All køyring skal skje særleg omsynsfullt.

§ 4. GRAVPLASSTILKNYTING

Avdøde personar i kommunen kan gravleggjast på kva som helst av gravplassane i kommunen. Avdøde personar i kommunen har rett til fri grav dersom grava vert tilvist.

Rett til fri grav føl fredingstida og denne kan bli utvida etter reglane i gravplassforskrifta § 16.

Avdøde personar som på grunn av sjukdom eller alderdom har budd i ein annan kommune mot slutten av livet, blir medrekna på same måte som kommunen sine eigne innbyggjarar, og har rett til fri grav.

Avdøde personar frå andre kommunar kan bli gravlagt i kommunen mot at kostnadane ved gravferda blir betalt.

§ 5. FREDINGSTID

Alle gravplassane i Lærdal har 40 år fredingstid for kistegravlegging og urnegravlegging. Frå ei grav er teken i bruk, må det gå 40 år før ny gravlegging kan finne stad. I ei kistegrav som er nytta til kistegravlegging kan det settast ned urner når gravdungen er fjerna.

§ 6. FESTE AV GRAV MED MEIR

Ingen kan på førehand feste ei grav, uttak av grav og feste av grav skjer ved dødsfall.

Når kistegrav skal takast i bruk er det høve til å feste ei grav ved sida av, og etter søknad til gravplassmyndigheita; inntil to graver i tillegg når behovet tilseier det. Desse gravene utgjer då éin gravstad.

Ved feste av grav ved sida av grava som blir teken i bruk, er festetida 10 år ved første gongs feste.

Når festetida/fredingstida er ute, kan grava/ gravstaden bli festa vidare for nye 10 år.

I god tid før festetida er ute, skal festaren bli varsla. Er ikkje festet blitt fornya innan seks månader etter forfall, fell grava eller gravstaden attende til gravplassen.

Innbetalt festeavgift blir berre betalt attende dersom tilbakebetaling følgjer av bindande rettsreglar eller det ligg føre særlege grunnar.

Ingen kan bli gravlagt i festa grav/gravstad utan festaren sitt samtykkje. Dersom det ikkje er råd å hente inn samtykkje frå den ansvarlege eller festaren til bruk av grav, kan gravplassmyndigheita ta avgjersle om gravlegging.

Festar pliktar å melde adresseendring.

For festa graver må festar betale festeavgift vedteke av Lærdal kommune.

§ 7. GRAV OG GRAVMINNE

Ved opning av grav kan jord bli lagt på omkringliggande graver og gravutstyr kan mellom- eller bli flytta. Gravplassmyndigheita sørgjer for istandsetting igjen, og vil også sjå til at grava blir planert og tilsådd med gras etter gravlegging, så snart årstid og vær tillèt dette.

Montering av gravminne kan først skje etter at gravplassmyndigheita har godkjent gravminnet og merka staden der det skal stå. Det kan ikkje setjast opp tidlegare enn seks månader etter gravlegging av kiste.

Gravminne på urnegrav kan setjast opp med ein gong etter urnenedsetjing.

Medan ein ventar på permanent gravminne, kan grava merkast med ein kross eller anna merke med den døde sitt namn på.

På nyfesta gravstad skal gravminnet plasserast i bakkant av den grava som er tatt i bruk, og blir normalt ståande der. Festar kan på eige initiativ syte for at gravminnet vert sentrert mellom gravene etter neste gravlegging, og ber då kostanden med dette.

Festaren eller den som er ansvarleg for fri grav, er ansvarleg for eventuelle pyntegjenstandar som er montert på gravminnet eller plassert t.d. i plantefeltet framfor gravminnet.

§ 8. SÆRSKILDE REGLAR FOR GRAVMINNE



På Borgund gravplass gjeld følgjande, jf. vedteke reguleringsplan 03.02.2005 av Lærdal kommune:

På felt A og B skal nye gravminne ha større høgde ein breidde, men elles samsvare med dimensjonane i gravferdslova si forskrift. Stein skal vere i lys grå eller kvite, einsfarga bergartar. Det skal berre nyttast gravminne av verbestandig materiale. Det skal ikkje nyttast gravminne med uregelmessig form (skeiv dropeform og liknande). Gravminne skal ikkje vere utstyrt med lause eller påmonterte lamper eller pyntegjenstandar.

På felt C skal alle nye gravminne vere liggjande. Ein kan velje mellom fire ulike gravminne; ovale i to storleikar og firkanta i to storleikar. Gravminne skal festast med bolt oppå eit fundament som vert grave ned i jorda. Til det største gravminnet skal fundamentet ha desse måla; lengd 85 cm, breidd 60 cm og høgde 15 cm. Firkanta gravminne skal ha måla; lengd 75 cm, breidd 50 cm, høgde i forkant 5 cm og bakkant 15 cm. Til det minste gravminne skal fundamenta ha desse måla; lengd 60 cm, breidd 60 cm og høgde 15 cm.

Firkanta gravminne skal ha måla; lengd 50 cm, breidd 50 cm, høgd i forkant 5 cm og i bakkant 15 cm. Det ovale gravminne skal tilpassast fundamentet slik at det kjem 5 cm innanfor ytterkant av fundamentet. Gravminne og fundament kan vere i ulike steinslag, i fargeskala svart til kvit. Sideflater kan vere saga og flamma, saga og slipt, polert eller naturplan.

Gravminne eldre enn 50 år som er verna etter avtale med eigar eller som er i Lærdal sokneråd sitt eige skal ikkje fjernast frå gravplassen. Ved ny gravlegging i tilhøyrande grav, det vil seie ved ny tildeling, er det ønskeleg å nytte desse gravminna opp att.

§ 9. MELLOMALDERGRAVPLASS

På den delen av Borgund gravplass som er definer som mellomaldergravplass jf. reguleringsplan vedteke 03.02.05, kan graver som ikkje har vore nytta etter 1945 berre nyttast til urnegraver, med ei urne i kvar grav.

Desse gravene kan likevel nyttast til kistegravlegging for ektefelle og ugifte barn som sokner til Borgund, der gravene var festa før 03.02.2005 og inngår i familiegravstad.

§ 10. PLANTEFELT

Framfor gravminnet er det høve til å opparbeide eit plantefelt i høgd med bakken omkring. Breidda på plantefeltet kan maksimalt tilsvare breidda til fundamentet til gravminnet, med unntak av gravminne smalare enn 60 cm der breidda kan være opp til 60 cm. Lengda på plantefeltet kan være maksimum 60 cm målt frå bakkant av gravminnet. Det kan ikkje plantast vekstar som overstig gravminnet si høgd eller går utover plantefeltet.



Framfør liggande gravminne på Borgund gravplass, er det høve til å opparbeide plantefelt framføre dei liggande gravminna som går 90 cm fram, målt frå bakkant av gravminnet. Det er høve å plante planter som er høgare enn gravminnet, men plantene skal ikkje overstige 40 cm.

Av omsyn til brannfare er det ikkje høve å pynte grava med faklar eller lys med open eld. Gravlykter skal vere festa i bakken.

Plantar og dekorgjenstandar må ikkje vere til hinder eller fare for drifta av gravplassane. Blomstervasar som vert plasserte på grava skal ikkje være laga av glas eller lett knuselege materiale. Gravlys, lamper og andre lause dekorgjenstandar skal fjernast etter bruk.

Det er berre høve til å ramme inn plantefelt med delt steinkant eller beddplate som fluktar med terrenget omkring. Beddplate og fundament for gravminne skal ikkje henge saman. Det er ikkje høve til å ramme inn plantefeltet med lause steinar.

Dersom det ikkje er aktuelt å ha plantefelt, skal det vere grasbakke på alle sider av gravminnet. Det er ikkje høve til å ramme inn grava med hekk eller anna materiale.

§ 11. PLANTEMATERIALE

Planter, kransar og liknande materiale som blir nytta ved gravferd eller ved pynting av grav og som endar som avfall, skal fullt ut vere kompostérbare.

§ 12. STELL AV GRAV

Den som er ansvarleg for fri grav eller for festa grav har rett og plikt til å stelle den grava vedkomande har ansvaret for. Plantefelt som ikkje blir tilplanta eller stelt skal såast til av den ansvarlege eller bli sådd til av gravplassmyndigheita.



Ansvarleg for grav eller festar pliktar å halde gravminnet sikra og i forsvarleg stand.

Ansvarleg for grav eller festar kan gjere avtale om at andre som får løyve til det etter § 16, kan utføre planting og stell av grav, samt montering, sikring og vedlikehald av gravminnet. Ein slik avtale fritenk ikkje den ansvarlege eller festar frå det ansvaret dei har etter reglane som til ei kvar tid gjeld.

§ 13. NAMNA MINNELUND

Ved gravlegging i namna minnelund skal namn og data til avdøde førast på ei minne/namneplate på felles minnesmerke. Minneplata kan ha namn på inntil to personar.

Namna minnelund er regulert til urnegraver. Graver i namna minnelund kan bli festa etter at fredingstida går ut på lik linje med andre graver på gravplassen. Minneplata vert fjerna når grava ikkje vert festa lenger.



I namna minnelund kan det bli festa ei grav attmed mot betaling av festeavgift for 10 år. Dersom ein ikkje ynskjer namna på same minneplate, kan ein samstundes reservere plass til ei ny minneplate i tillegg. Ved feste av grav attmed skal det betalast festeavgift frå tidspunktet då den første grava blir tatt i bruk.

Gravplassmyndigheita har ansvaret for felles planting og stell i minnelunden. Det er ikkje høve til å opparbeide eige plantefelt for grav i minnelund. Ved felles minnesmerke kan det berre setjast ned avskorne blomar og tennast gravlys i særskilde vasar og lykter sett opp av gravplassmyndigheita.

Lærdal kommune vedtek avgift for bruk av namna minnelund. Avgiftene dekker m.a. kostnader til minneplate, samt planting og vedlikehald ved felles minnesmerke og blir betalt frå grava blir teken i bruk.

§ 14. ANONYM MINNELUND

På Hauge gravplass er opparbeida eit felt for anonym gravlegging. Feltet er tiltenkt dødfødde born og foster, men kan òg nyttast til anna anonym gravlegging dersom det skulle vere ønske om det. Dei etterlatte vil ikkje få innsyn i kvar den avdøde er gravlagt. Gravstorleiken er 1.5 m langt og 0.6 m brei. Sjå elles gravplasslova § 22.

Det er sett opp felles minnesmerke for heile området. Namna til dei gravlagde vert ikkje påført minnesmerke.

Gravplassmyndigheita har ansvaret for felles planting og stell i minnelunden. Det er ikkje høve til å opparbeide eige plantefelt for grav i minnelund. Ved felles minnesmerke kan det berre setjast ned avskorne blomar og tennast gravlys i særskilde vasar og lykter sett opp av gravplassmyndigheita

§ 15. BÅREROM


Lærdal sokneråd har ikkje egne bårerom.

§ 16. NÆRINGSVERKSEMD

Næringsdrivande som ønskjer å drive verksemd på gravplassen skal hente inn løyve frå gravplassmyndigheita. Løyvet kan kallast tilbake dersom vedkomande ikkje rettar seg etter dei reglane som gjeld. Slik verksemd kan berre omfatte montering, sikring og vedlikehald av gravminne og planting og stell av graver.

§ 17. ARBEID PÅ GRAVPLASSANE

Anleggs- og vedlikehaldsarbeid skal skje på kvardagar i arbeidstida (kl. 07:00-17:00) og må ikkje utførast på søndagar, heilagdagane eller offentlege høgtidsdagane. Ikkje noko arbeid på gravplassen må vere til sjenanse for seremoniar eller rituelle handlingar på gravplass eller i bygning på gravplass. Næringsdrivande kan berre køyre på gravplassen i den grad det er naudsynt for å utføre arbeidet. Slik køyring skal skje ekstra omsynsfullt.



§ 18. DISPENSASJON FRÅ VEDTEKTENE

Gravplassmyndigheita kan i særlege tilfelle og innanfor ramma av gravplasslov og gjeldande forskrifter fråvike §§ 6, 7, 10, 16 og 17 i vedtektene.

§ 19. IKRAFTSETJING OG OPPHEVING AV ELDRE VEDTEKTER

Forskrifta tar til å gjelde 30 dagar frå kunngjering i Norsk Lovtidend. Frå den same tida blir vedtektene (vedteke 21.04.05) for gravplassane i Lærdal kommune, Vestland fylke oppheva.